

## Protokoll frå generalforsamling i Sunnhordland Lufthavn A/S

Dato : 15. juni 2017

Tid : 09.30 – 10.00.

Stad : Stord rådhus

Desse møtte :

Frå Stord kommune : Ordførar Jakob Bjelland

Frå Hordaland fylkeskommune : Benthe Bondhus

Frå Sunnhordland Lufthavn A/S : Styreleiar Dag Aksnes og dagleg leiar Jan Morten Myklebust.

Samtlege aksjar var såleis representerte på generalforsamlinga.

Til handsaming låg føre :

**Sak 1 Godkjenning av innkalling**

Det var ingen merknader til innkallinga.

**Sak 2 Val av møteleiar**

Dag Aksnes vart valgt til møteleiar.

**Sak 3 Val av referent**

Jan Morten Myklebust vart valgt til referent.

**Sak 4 Val av personar til å underteikna protokollen**

Jakob Bjelland og Dag Aksnes vart valgt til å underteikna protokollen.

**Sak 5 Årsmelding**

Det var ingen merknader til årsmeldinga.

**Sak 6 Fastsetting av resultatrekneskap og balanse**

Resultatrekneskap og balanse vart godkjent.

**Sak 7 Val**

Ingen av styremedlemmene var på valg.

Følgjande varamedlemmer vart valgt for 1 år :

Aslaug Kindem, Stord kommune.

Gustav Bahun, Hordaland fylkeskommune.

Aleksander Grubbe Skjelsvik, tilsette.

**Sak 8 Godtgjering til revisor og styremedl.**

Revisor vert godtgjort med kr 71.550. I tillegg kjem anna bistand pålydande kr 48.050.


KPMG held fram som selskapet sin revisor.

Styreformann får eit årleg honorar pålydande kr 90.692,80, beløpet samsvarar med honoraret til ein komiteleiar i Stord kommune. Styremedl. får eit årleg honorar på kr 15.000. Varamedlem får eit honorar på kr 1.500 pr. møte.

Honoraret til styremedlemmer og varamedlem har ikkje vore justert dei seinare åra. Eigarane vil vurdera justering av desse honorara til neste års generalforsamling.

Stord lufthamn 20. juni 2017

Jan Morten Myklebust  
Referent



Jakob Bjelland  
Ordfører Stord kommune



Dag Aksnes  
Styreleiar Sunnhordland lufthavn A/S